



Tyark AS  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2019 - 20/2631

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
16.01.2020

Godkjenning - igangsettingsløyve for resten av tiltaket - oppføring av blokk med 7 bueiningar - gbnr 322/166, 173 Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 040/20**

**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS  
**Ansvarleg søkjar:** Tyark AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

**VEDTAK:**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resten av tiltaket for oppføring av hus 03 – blokkbustad med 7 bueiningar på gbnr 322/166,173 Mjåtveit i felt B24 på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 03.02.17 i DS 27/2017 sak 16/2999 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Felles utomhusareal i samsvar med utbyggingstakt på utomhusarealet, som vist i vedtak 02/2017, saksnr. 16/3007.
3. Dokumentasjon på at veg 2, som vist i plankartet, er ferdigstilt.
4. Sluttrapport for avfallsplan med kvitteringar for innlevert avfall.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl § 21-9.

**Tilkopling til offentleg VA-anlegg:**

**Alver kommune godkjenner med heimel i plan- og bygningslova og vass- og avlaupsanleggslova at gbnr 22/166, 173 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg for bustadbygg hus 03 med 7 bueiningar i felt B24 på følgjande vilkår, jf. søknad og kart motteke 14.01.20:**

**-Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har sett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.**

**-Alle sanitærinnstallasjonar skal følgja standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. Kommuneforlaget.**

**-Tilkoplinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.**

**-Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. For 2020 er gebyr for tilknytning til offentleg vassanlegg per bueining er kr 15 000,- + mva og kr 15 000,- + mva for tilknytning til offentleg kloakkanlegg.»**

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om igangsetting av resten av tiltaket for oppføring av hus 03 – blokkbustad med 7 bueiningar på gbnr 322/166,173 Mjåtveit i felt B24.

Kommunen har i vedtak av 03.07.17 gjeve rammeløyve. igangsetting for delar av tiltaket – grunn-, betong- og terrengarbeid for blokkbebyggelse hus 03 med 7 bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka på gbnr 22/166,173 vart gitt den 01.11.19 i sak 19/2999.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.01.20.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den [dato] og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **VURDERING**

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Vatn og avlaup:

Det er søkt om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget i søknaden motteke 14.01.20.

### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 14.01.20. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Vass –og avløpsforskrift for Alver kommune

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/2019

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Tiltaket har krav om innlevering av avfallsrapport før det kan søkjast om ferdiggattest/mellombels bruksløyve.*

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om igangsetjingsløyve - GBNR 322/173 Mjåtveit  
gjennomføringsplan  
Ansvarsrettar

**Kopi til:**

Mjåtveitmarka B16 AS	c/o Tysseland arkitektur AS Strandgt.19	5013	BERGEN
----------------------	---	------	--------

**Mottakarar:**

Tyark AS	Strandgaten 19	5013	BERGEN
----------	----------------	------	--------